

## HØYRINGSFRAMLEGG FOR LOKAL FORSKRIFT OM SKULEKRINSAR FOR GRUNNSKULEN I VOSS HERAD

Heimel: Vedteke av Heradsstyret i Voss herad DATO med heimel i Lov om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (LOV-2023-06-09-30) § 2-6 og erstattar forskrift om inntaksområde i Voss herad. Gjeldande forskrift for inntaksområde i Voss herad vert oppheva med verknad frå når ny forskrift trer i kraft.

### § 1 Føremål og verkeområde

Denne forskrifta stadfestar områda for skulekrinsar for grunnskulen i Voss herad. Inntaksområda syner kva skule kvart område høyrer til. I tillegg har forskrifta reglar for skulebyte og kriteria som heradet kan vektlegga i saker om skulebyte.

Skulekrinsane ligg på kartløyvinga til Voss herad.

### § 2 Tildeling av skuleplass

Born i Voss herad vert innskrivne til skular utifrå barnet si folkeregistrerte bustadadressa, jf. § 5 Inntaksområde for skulane i Voss herad. Den skulen folkeregistrert adressa soknar til er barnet sin nærskule.

Dersom det ikkje er ledig kapasitet ved skulen i krinsen kan heradet tildele plass ved ein anna skule. Heradet vurderer kapasitet ved dei einskilde skulane ved tildeling.

### § 3 Skulebyte

Føresette kan søkja om at eleven skal få gå ved ein anna skule enn den eleven har rett til å gå på.

Om eleven skal få byte skule må vurderast skjønsmessig i kvar einskild sak.

#### § 3.1 Kriteria som kan gje grunnlag for skulebyte

**a) Søskenprioritering.** Søsken skal sikrast plass ved same skule.

**b) Delt bustad.** Barnet vert innskrive ved nærskule jamfør § 2, men har høve til å søkja overflytting til skule som den andre føresette soknar til.

**c) Mellombels adresseendring.** Det skal utvisast skjønn i dei tilfella der det vert søkt om å halde fram ved noverande skule ved mellombels adresseendring - eksempelvis ved bygging av hus. Samstundes skal det utvisast skjønn når ein elev soknar til annan skule, men er forventa å flytta til gitt skulekrins, innan rimeleg tid. Slike søknadar må visa til dato for dokumentert flytting.

**d) Adresseendring.** Dette punktet opnar for at elevar som har flytta frå ein skulekrins til ein annan og har kort attverande tid i grunnskulen, kan få søkja om å halda fram ut avsluttande barne- eller ungdomsskuletrinna.

**e) Spesielle tilhøve** (fysiske utfordringar, funksjonsnedsettingar). Dette punktet opnar for at elevar som har utfordringar som treng særskilde tilpassingar, kan søkja om å få gå på ein annan skule enn nærskulen. Dette kan omhandla at det søkjast for at elevar får eit tilrettelagt miljø eller kompetanse etter eleven eller føresette sine behov og ynskje. Ofte heng dette punktet saman med sakkunnig vurdering.

**f) Sakkunnig vurdering.** Dette punktet opnar for at søknadar som har vedlagt relevant sakkunnig vurdering som tilseier bestemt skuleplassering, kan søkja om å gå ved annan skule enn nærskulen.

**g) Gråsone-adresser** (adresser som ligg på grensa mellom to inntaksområde). Dette punktet opnar for at eleven med folkeregistrerte adresse ligg tett på kringsrensa mellom to skular. Eleven vil verte skriven inn ved den skulen eleven soknar til, men vil ha høve til å søkja seg til alternativ skule.

**h) Saker knytt til Opplæringslova § 12-4 og § 12-5.** Dette punktet opnar for at søknadar jamfør Opplæringslova § 12-4 og § 12-5 kan vurderast som unnatak til nærskuleprinsippet, der skulebyte fungerer som tiltak for å sikra ein elev trygt og godt skulemiljø. Etter kommunale rutinar for gjennomføring av § 12-4-saker, skal skulen utprøva andre tiltak før skulebyte.

#### **§ 4 Sakshandsaming av skulebyte**

Det er føresette som søker om skulebyte. Alle søknader om skulebyte må grunngjevast. Søknadsskjema er tilgjengeleg på Voss herad sine nettsider.

I alle saker som gjeld skulebyte vil eleven sitt beste og eleven sin rett til å verta høyrd verta vektlagt.

Det vert innhenta uttale frå rektor på noverande skule og rektor ved den skulen ein ynskjer å byte skule til i samband med sakshandsaming av skulebyte.

Heradet kan stille vilkår om eigenbetaling av skuleskysst i vedtak om skulebyte. Dette gjeld ikkje dersom grunnen for å byte skule er å sikre retten til opplæring.

Vedtak om skulebyte er eit enkeltvedtak, der delegert mynde ligg til kommunalsjef i Oppvekst. Føresette har rett til å klaga på vedtaket. Dersom kommunalavdeling oppvekst opprettheld vedtaket vert det sendt til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd (klagemynde).

#### **§ 5 Inntaksområde for skulane i Voss herad**

<b>Skular 1.-7. trinn</b>
<b>Evanger skule</b>  Grensar til a. Bulken skule: t.o.m. gardane Geitle, Kolle, Steine mot aust.  b. Grendene Bolstad og Evanger, ytre kommunegrensar.
<b>Bulken skule</b>  Grensar til a. Evanger skule: f.o.m. Eide / Eidesmoen i vest.  b. Gullfjordungen skule: på nordsida av Vangsvatnet frå Hellesneset.  c. Gjernes skule: på sørsida av Vangsvatnet frå Vikjavegen 568 stigande mot Bulken.
<b>Gullfjordungen skule</b>  Grensar til a. Bulken skule: Hellesneset. Honvesvegen 125 synkande mot Gullfjordungen.  b. Vangen skule: Nordsida av jernbanen til Ringheimsvegen. Vest for Ringheimsvegen – gangveg mellom Ringheimsvegen og Lekvebakken til Sivlevegen. Begge sider av Osavegen.

**Vangen skule**

## Grensar til

- a. Gullfjordungen skule: Sør for jernbanen. Aust for Ringheimsvegen - gangveg mellom Ringheimsvegen og Lekvebakken til Sivlevegen. Nedre Mølster og Mølstervegen.
- b. Skulestad skule: Strandavegen til og med 142 - Ringheimsvegen til og med husnummer 90. Hagahaugen - Mølstervegen til og med 45 – rett lina til Ringheimsvegen 68.
- c. Gjernes skule: Groadalen (inkl 1, 3, 5 og 10) – Blomvegen t.o.m. 18 - rett lina til kryss Gamle Bordalsvegen - rett lina mot Haugo til rett lina ned frå kryss Bordalsvegen/Øvre Storehagen. Nyresbardet f.o.m. 18. Vosso skil aust / vest.
- d. Palmafossen skule: Vetleflaten - Hardangervegen t.o.m. 55 – rett linja til Bordalsvegen 46. Bordalsvegen til kryss Øvre Storehagen.

**Skulestad skule**

## Grensar til

- a. Vangen skule: Groa ved Hagahaugen, via Mølstervegen og Ringheimsvegen til utløp ved Lundarosen – rett lina mot Raundalselvi. Jf.kart.
- b. Palmafossen skule: Vasslii f.o.m. 78, stigande. Almelandsvegen – til Reppavegen. Reppavegen t.o.m. 625.
- c. Vossestrand barne- og ungdomsskule: E-16 ved Taulen.

**Gjernes skule**

- Inkl. tidlegare krins for Bordalen skule. Til ytre kommunegrense.

## Grensar til

- a. Vangen skule: Groadalen - kryss Blomvegen, vidare Blomvegen f.o.m. 20 - rett lina til kryss Gamle Bordalsvegen/Nyresvegen - rett lina mot Haugo til rett lina ned frå kryss Bordalsvegen/Øvre Storehagen. Nyresfeltet. Vosso skil aust / vest.
- b. Palmafossen skule: Bordalsvegen, frå avkøyrslø Øvre Storehagen og utover. Rett lina opp frå kryss Bordalsvegen/Øvre Storhagen. Haugo.

**Palmafossen skule**

-inkl. tidlegare krins for Kløve og Raundalen skular.

## Grensar til

- a. Vangen skule: Brynavollen. Hardangervegen f.o.m 57. Bordalsvegen til kryss Øvre Storhagen. Bordalsvegen 83.
- b. Gjernes skule: Rett lina opp frå kryss Bordalsvegen/Øvre Storhagen.
- c. Skulestad skule: Tvildesvegen – (Vasslii) – Norheimsmarka.
- d. Bjørgum skule: Raundalselva. Hardangervegen til avkøyrslø Bjørkevegen. Skutlesvegen t.o.m. 184.

<p><b>Bjørgum skule</b></p> <p>Grensar til</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>a. Palmafossen skule: Hardangervegen t.o.m avkjøyrslø Bjørkevegen. Bjørkevegen- Vivåslii- Vivåsvegen- Skutlesvegen 198, stigande.</li> <li>b. Granvin barne- og ungdomsskule: Gamal kommunegrense ved Svelgane/Tunsberg.</li> </ul>
<p><b>Skular 1.-10 trinn</b></p> <p><b>Granvin barne- og ungdomsskule</b></p> <p>Grensar til</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>a. Bjørgum skule: Gamal kommunegrense ved Svelgane/Tunsberg.</li> <li>b. Voss ungdomsskule: Gamal kommunegrense ved Svelgane/Tunsberg.</li> <li>c. Ytre kommunegrenser.</li> </ul>
<p><b>Vossestrand barne- og ungdomsskule</b> -inkl. tidlegare krins for Myrkdalen, Oppheim og Sundve skular.</p> <p>Grensar til</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>a. Skulestad skule: E-16 ved Taulen.</li> <li>b. Voss ungdomsskule: E-16 ved Taulen.</li> <li>c. Ytre kommunegrenser.</li> </ul>
<p><b>Skule 8.-10. trinn</b></p> <p><b>Voss ungdomsskule</b></p> <p>Grensar til</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>a. Granvin barne- og ungdomsskule: Gamal kommunegrense ved Svelgane/Tunsberg</li> <li>b. Vossestrand barne- og ungdomsskule: E-16 ved Taulen</li> </ul>

## § 6 Iverksetjing

Forskrifta trer i kraft 01.08.2024.